Uskedal skulemusikk sin adventskalendar - Julaftan. 23.12.2014

Endeleg er vi komen til dagen vi har venta på, Julaftan. No kan familien samlast rundt gode tradisjonar,

og prøva å leggja stress og kav til sides. Håpar alle får gode, samlande og oppbyggelege dagar. Jula er tid for innekos, men og for dei gode turane ute. Til det er vi lova prima ver. For nokon er også dette den lengste dagen i året.
I ventetida trekkjer vi den siste gevinsten i årets adventskalendar.

Julaftans gevinst og vinnartal er:

- Ipad mini, verdi 2400,-kr, gjeven av DNVGL-Stord og Uskedalen Eigedom, er trekt ut på kalendar nr. **500.**

Vi gratulerer den heldige vinnaren så mykje. Han vil få den flotte gevinsten sin på Auto 88.

Vi minner om at alle må henta gevinstane sine innan 11.01.2015

Vi i Uskedal skulemusikk vil takka alle som har støtta aktiviteten vår ved å gje så mange flotte gevinstar til adventskalendaren vår. Ei stor takk til alle som har tatt så godt mot seljarane, og har kjøpt kalendaren. Ei ekstra takk til Auto 88 som har tatt på seg arbeidet med utlevering av gevinstar i år.

Like eins vil vi takka alle som gav gevinstar til basaren vår i november. Vi er også svært takksame for at så mange stilte opp på basaren og gjorde den så vellukka.

Kalendarsalget og basaren er to av hovudinntektskjeldene våre, og de støttar såleis godt opp om musikktilbodet til dei unge i Uskedalen.
Det gjer de elles i året og. Tusen takk!

Vi ønskjer dåke alle ei riktig GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR!

Helsing alle oss i Uskedal skulemusikk
- Haldis Åkra, leiar.-
Nett: Thor Inge Døssland